

TEMA: Fangstfolk og veidesamfunn ①27

KART: ④429

Halne


HARDANGERVIDDA - SPISKAMMERS GJENNOM 8500 ÅR

Reinsdyrgeviret i kommunevåpenet for Eidfjord minner om kor viktig reinsjakta har vore for dei som heldt til i bygdene kring Hardangervidda. I nauda var det ofte reinen folk sette si lit til. Ein kar frå Hjulmo mintest dei små kåra i barnomsheimen i 1870-åra: «Reinsveidet hjelpte oss. Hadde me ikkje hatt det, hadde me svolte i hel».

Steinalderbuplassar finst i hundretal ved elveosar, der auren spela seg, eller langs innsjøtrendene, der reinen trekte. Dyregraver, bogastille, varderekker og veidemannsbuer ligg som gløynde ruinar. Den siste drifttekaren er vorten historie, men grøne vollar og frodig gras ved steinbuer og felæger minner framleis om fjellbeiting og driftehandling. I lier og fjelldalar kring Vidda kransar stolane seg. Skog og kratt løyner no dei gamle tuftene, der buideiene rådde grunnen, feit feitna etter vårknipa, og bonden henta overskot til livberging for seg og sine.

Over heile Vidda, frå Jökulen til Møstrond, finst minne om dei som levde av det fjellvidda kunne by, anten det var storvilt, fisk, bær eller stølsprodukt. Hardangervidda har for mange vore eit velfylt spiskammers, like frå dei første fangstfolka kom dit for 8500 år sidan og fram til vår tid.

Drift av blesteromn frå eldre jernalder. Sjakta av brennt leire vart fylt med ved, som fekk brenne til trekol. Røsta myrsmalm vart fylt i frå toppen. Vi veit ikkje korleis dei til slutt fekk opp temperaturen slik at metallet sintra seg saman og slaggen rann ned i gropa under bakken.



Ved Halnefjorden, nokre hundre meter aust for Halne fjellstove, ligg ruinane av to steinbuer – HALNELÆGERET. For nokre mannsaldrar sidan beldt driftekarar til ber sommarstid; den tids «cowboys». Men Halnelægeret hadde ei lang historie bak seg før driftekarane kom.



Halnelægeret.

Den største bua vart i gammal tid bruka som overnattingsstad for ferdafolk på veg mellom Austland og Vestland. Somme meiner dette er den «BISCOPS BODEN» som 1600-tals kjelder nemner i samband med visitasreisene for Stavangerbispen, når han skulle til den austlegaste luten av distriktet sitt. Like til 1631 låg Hallingdal og Valdres under Stavanger bispedømme.

Arkeologiske granskingar har synt at den største bua har vore i bruk frå mellomalderen av, og biskopstradisjonen kan såleis godt vera rett. Her fanst tinnknappar, kritpipebitar, jernnaglar og mengder av hesteskosaum.

Men også før steinbuene vart bygde,

har her vore folk. I grusryggen nedanfor lægeret er nedgrave nokre gryteforma groper, fylte med raudbrende steinar. Slike kokegroper var vanlege på Hardangervidda i eldre jernalder. Dei kan godt vera både 1500 og 2000 år gamle. Nokre meter lenger nord ligg restar av ein buplass frå bronsealderen, mellom 3500 og 3000 år gammal. Her vart funne kring 40 pilesissar av flint og kvartsitt. Like ved var ein 3500 år gammal eldstad med restar av brende reinsdyrbein.

I traktene kring Halnefjorden er det funne ei mengd buplassar frå stein- og bronsealder. Langs stranda, frå Halne og 2 km austover, ligg 9 stykke. Den eldste av dei er meir enn 8000 år gammal. □

Slakting av rein ved buplassen. Rekonstruksjon.

